



VINDAFJORD
KOMMUNE



Etne
kommune

Rutine

Helse og PPT i samarbeid om barn om unge 2024-2028



Helse og PPT i samarbeid om barn og unge

Barn og unge i Etne og Vindafjord treng vaksne som ser den enkelte, lyttar, viser interesse og er engasjert for at dei skal læra. Barn og unge er framtida vår. Alle som jobbar med barn og unge er viktige for å utvikla og realisera gode oppvekstvilkår. Barnehage og skule skal vera ein stad der barn og unge kjenner seg inkludert og vert møtt som heile menneske, med ulike styrkar og behov. Denne rettleiaren er laga for at støttetjenestene skal vera aktive i arbeid med å realisera dette.

Arbeidsgruppe:

Etne kommune Ingunn Merete Ø. Steinstø, Elisabeth Lunde Sørheim, Elin Grindheim Hovda, Gerd Toril Lindevik Arnestad

Vindafjord kommune Maren Tjelmeland Hustoft, Inger Kathrine Sundve, Hilde Pedersen Åsbø og Liv Ingunn Heie Medhaug

Ølen 29.03.21

Godkjent av kommunalsjef oppvekst og kommunalsjef helse i Vindafjord kommune Godkjent av kommunalsjef oppvekst og kommunalsjef helse i Etne kommune

Revidering november 2024

Etne kommune

Vindafjord kommune

Elisabeth Lunde Sørheim

Maren Tjelmeland Hustoft og Sonja Hundseid Lærdal

Revidering godkjent av kommunalsjefane i Etne og Vindafjord 14.02.25

Mona R. Sævik og Nils Erik Eide



PPT si rolle og bidrag i barnehage og skule

Barnehagelova kap. VII § 33. Pedagogisk-psykologisk teneste

Kommunens pedagogisk-psykologiske teneste er sakkyndig instans i saker om spesialpedagogisk hjelp. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeida lovpålagde sakkunnige vurderingar.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal bistå barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å leggja til rette barnehagetilbodet for barn med særlege behov.

Opplæringslova § 11-13 Pedagogisk-psykologisk teneste

Tenesta skal samarbeid med og støtte skulane i det førebyggjande arbeidet for å gje eit inkluderande opplæringstilbod til elevar som kan ha behov for tilrettelegging av opplæringa. Der lova eller forskrift til lova krev sakkunnig vurdering, er det den pedagogisk-psykologiske tenesta som skal utarbeide vurderinga.

Departementet kan gi forskrift om i kva andre tilfelle den pedagogisk-psykologiske tenesta skal utarbeid sakkunnig vurderingar.


Helse si rolle og bidrag i barnehage og skule

Helse bør ha eit systematisk samarbeid med barnehage og skulane i kommunen jf. Nasjonalfagleg retningslinje for helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom del 4 og 5 .

Helse og oppvekst har til saman god kunnskap om barnepopulasjonen og kjennskap til barn i kommunen. Helse bør difor samarbeide med oppvekstsektoren (barnehagane og skulane) i kommunen på systemnivå. Helse kan samarbeida med barnehagar og skular på individnivå om barn med behov for ekstra oppfølging. Det er opp til den enkelte kommune å vurdere behov for samarbeid på individnivå.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta sitt tilbod til barn og ungdom 0 – 20 år skal omfatta:

- helseundersøkingar og rådgjeving med oppfølging/tilvising ved behov
- førebyggjande psykososialt arbeid
- opplysningsverksemd og rettleiing individuelt og i grupper
- heimebesøk/oppøkjande verksemd
- samarbeid med skule om tiltak som fremmer godt psykososialt og fysisk lærings- og arbeidsmiljø for elevar
- bistand og undervisning i gruppe/klasse/foreldremøte i den utstrekning skolen ønsker det
- samarbeid om habilitering av barn og ungdom med spesielle behov, som td kronisk sjuke og funksjonshemma
- informasjon om og tilbod om Barnevaksinasjonsprogrammet, jf. kapittel III.



Figur 6.1 Barn og familiene deres kan ha behov for å ha kontakt med flere ulike personer, i ulike tjenester og sektorer

Tett på- tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO viser partar som kan vera del av laget rundt barn og unge. Helsetenesta i kommunane våre og PP- tenesta er aktive samarbeidspartar for alle barn og unge, både direkte og indirekte. Det har difor vorte jobba med å klargjera korleis me kan samarbeida i ulike rollar me mål om å verta del av laget rundt barn og unge

Helsetenesta og PP-tenesta har mange oppgåver som skal løysast i egne rollar ut frå mandat. Det som vert omtalt i denne rettleiaren med rutine, er samarbeidsoppgåver.

Prinsipp i alt arbeid er «LEON»-prinsippet = Lågaste Effektive Omsorgs Nivå

Handlingsrettleiarane BliZ (Etne) og BTI (Vindafjord) viser kjenneteikn for uro og kva ein gjer for å sikra god tverrfagleg innsats.

Vindafjord er BTI-kommune

<https://vindafjord.betreinnsats.no/>



Etne kommune BliZ-kommune

<https://etne.betreinnsats.no/tilsett-fagperson/>



Etne og Vindafjord kommune sine tenester er del av «Barn og unges helseteneste» i Feles Fonna På Helse Fonna si nettside er det skildra ulike helsesituasjonar, kjenneteikn og tiltak i ulike rollar. Sjå <https://helse-fonna.no/barn-og-unges-helseteneste>



Før barn startar i barnehage

	Ansvarleg	Tverrfagleg samhandling
BARN SOM IKKJE ER STARTA I BARNEHAGE		
	Foreldre saman med helsestasjon	Helsestasjonen ser og lyttar til foreldra sine behov om barnet har behov utover det ordinære. Helsestasjon tek initiativ og hjelper foreldre med tilvising til PPT

Helsestasjonen sin prosedyre for barn med særskilde behov det første leveåret

- Helsestasjonen tek imot fødselsmelding om alle nyfødde i kommunen og får informasjon frå sjukehuset om forhold rundt fødsel og barnet helse. Jordmor kan òg ha oppretta eit samarbeid med helsesjukepleiar i samråd med den gravide, dersom det er avdekkja noko som treng særskilt oppfølging av mor/barn etter fødsel.
- Alle nybakte foreldre skal få tilbod om heimebesøk innan to veker etter fødsel; først av jordmor innan 4 dagar, deretter helsesjukepleiar innan 10 dagar. Det er mogeleg for helsestasjonen å oppdaga barn med spesielle behov tidleg og bidra til at det kan setjast i gang kartlegging og tett oppfølging raskt etter fødsel.
- Heimen og foreldra vil vera barnet sin trygge base. Der blir den tidlege kontakten gjennom samspel og tilknytning til omsorgspersonane etablert. Dette dannar et viktig grunnlag for barnet si vidare utvikling.
- I møte med familien er det viktig å lytta til foreldra og samtidig løfta opp barnet si stemme og barnet sitt beste for vidare oppfølging. I denne fasen bør helsesjukepleiar samarbeida godt med foreldra om å avklare barnet sitt behov.
- Helsesjukepleiar er gjerne den næraste hjelparen det første leveåret og får ofte den koordinerande rolla den første tida.
- Om barnet er født med ein diagnose, skal barnet bli tilvist til Habiliteringstenesta. Dette skal gjerast av sjukehuset, då barnet blir utskrive. Det kan vera lurt å kvalitetssjekka at barnet er tilvist og starte eit samarbeid med Habiliteringstenesta tidleg. Dei har god kompetanse på mange diagnosar og kan hjelpa med opplæring til kommunen ved behov.
- Det er også viktig å sjekka med PPT om deira rolla frå tidleg start av.
- All tverrfagleg samarbeid skal skje etter samtykke med foreldra.
- https://www.fylkesmannen.no/contentassets/5cea72ddb77144c386d8b3cad9503947/veiled_er-for-samarbeid-om-barn-og-unge-med-habiliteringsbehov.pdf
- Er det behov for koordinator og ansvarsgruppe, har ein rutinar for å melde dette inn til koordinerande eining, Tenestekontoret. Kommunane har eigne retningslinjer på individuell plan og søknad om dette For Vindafjord finn ein dette på Compilo.
- Er barnet født for tidleg, finns det eigen rettleiar til dette arbeidet:
 - https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/for-tidlig-fodte-barn/For%20tidlig%20f%C3%B8dte%20barn%20%E2%80%93%20Nasjonal%20faglig%20retningslinje.pdf/_attachment/inline/89d2c8de-9546-4afe-9634-6172f41cea3a:2ead20501b8178096fe682c667c8581593a278c1/For%20tidlig%20f%C3%B8dte%20barn%20%E2%80%93%20Nasjonal%20faglig%20retningslinje.pdf
 - I dei fleste journalsystem på helsestasjon kan ein definera oppfølgingsgrupper. Her er det viktig med grundig journalføring og gje opp rett oppfølgingsgruppe.

RUTINE: Helse og PPT i samarbeid om barn og unge i barnehage og skule

	Ansvarleg	Tverrfagleg samhandling
A.LÆRINGSMILJØSAKER- SYSTEMARBEID		
A-1	Barnehage og skule v/leiar	PP-kontakt og helsesjukepleiar deltek på støtteteam/ressursgruppe som del av PP-dag 1x pr mnd i skule og 2 g pr halvår i barnehage (eller etter avtale med einingsleiar). Læringsmiljø saker vert teken opp ved behov. Styrar/rektor/einingsleiar kallar inn og skriv referat. Ein fylgjer vedteken samhandlingsrutine mellom barnehage/skule/oppvekstsenter og PP-tenesta. Bruk av Pedagogisk analyse. Vurdere tilvising systemsak til PPT.
B.INDIVIDUELLE SAKER–AKTIVE SAKER kan involvera bhl §42 i barnehage og oppl §12-4 i skule		
B-1	Barnehage og skule v/leiar	PP-kontakt og helsesjukepleiar deltek på støtteteam/ressursgruppe som del av PP-dag 1x pr mnd i skule og 2 g pr halvår i barnehage (eller etter avtale med einingsleiar). Individuelle saker vert drøfta om ein får samtykke til dette frå foreldre. Foreldra kan vera med i møtet. Styrar/rektor/einingsleiar hentar inn samtykke frå foreldre, kallar inn og skriv referat. Ein fylgjer vedteken samhandlingsrutine mellom barnehage/skule/oppvekstsenter og PP-tenesta. Bruk av Pedagogisk analyse og Stafettlogg. Stafettlogg vert oppretta ved uro der tiltak vert sett inn utover det ordinære. I saker med mobbing vert alltid Stafettlogg oppretta. Ved tilvising til PPT vert utskrift av Stafettlogg lagt ved.
B-2	Helsesjukepleiar	Vurderer kor samansett problematikken er og om situasjonen har innverknad på skulefunksjon og tek initiativ til samarbeidsmøte etter behov, på samtykke frå foreldre/føresette.
B-3	PP-rådgjevar i tilviste saker	Vurderer kor samansett problematikken er og om situasjonen har innverknad på helsefunksjon og tek initiativ til samarbeidsmøte etter behov, på samtykke frå foreldre/føresette.
B-4	Alle- etter behov	Arbeida i «Stafettlogg» og med «Samarbeidsavtalar» etter behov, på samtykke frå foreldre/føresette.
B-5	Stafetthaldar	Stafetthaldar/ koordinator kallar inn til møte
C.SAMARBEID MELLOM HELSETENESTA OG PP-TENESTA		
C-1	Leiar PP-tenesta og helsetenesta	Tilsette i PP-tenesta og helsetenesta har gjennom året internt fagsamarbeid. Dette kan inkludera andre, som t.d. familieteamet og barnevernstenesta
C-2	Leiar PP-tenesta og helsetenesta	I juni utvekslar leiar for PPT og Helsestasjon og skulehelsetenesta kven som er kontaktpersonar i barnehage og skule komande barnehage og skuleår.
C-3	Helsesjukepleiar, PP- kontakt og styrar/rektor	PP-kontakt og helsesjukepleiar deltek i støtteteam/ressursgruppe i barnehage og skule. Styrar/rektor/einingsleiar set opp ein skriftleg møteplan i samarbeid med PPT og helsesjukepleiar. Det er ynskjeleg at støtteteam blir satt opp dei dagane PPT og helsesjukepleiar er på skulen frå før